



Stano, Katarina, Benjawan og Toka kosar seg med god musikk i nydeleg ver på den flotte konsertarenaen på Dønhaug fredagskvelden.

Blant dei mange frivillige som er så viktige for Festivalen, er det kvart år nokre som har flytta hit frå andre land. Eksempel på dette er Dorota Wojcik, opphavelg frå Polen, som dei siste åra er blitt ein viktig ressurs med god oversikt over oppgåver i samband med oppbygging og rydding av arenaen på Dønhaug. Eit anna eksempel er Bush Zaki frå Egypt som vi kvart av dei siste åra, har møtt som smilande grillmeister.

Det har vore frivillige frå mange land. Eg nemner berre Eritrea, Brasil, Tyskland, Sveits, Kongo, England og Litauen som eg kjem på i farten. Nokre vert der eit år, medan andre kjem att år etter år.

Etter det eg kjenner til var det første gong det var frivillige frå Syria og Slovakia i år. Eg tok derfor ein liten prat med dei to ungdommane Katarina Uherek frå Slovakia og Toka Massalmah frå Syria.

Dei to har vore klassevenninner ved Eining for integrering og opplæring på Husnes der dei har lært seg norsk på svært så godt nivå på kort tid. Toka har vore 1 1/2 år i Norge medan det framleis er litt tid til det er 1 år sidan Katarina kom hit.



Toka og Katarina er klar for vakt saman med Reanate Koløy frå Korsnes og Hilde Røsland frå Husnes.

Det var Katarina som melde seg som frivillig til Festidalen først. Deretter sa ho dette til klassevennina samstundes som ho fortalde det ho visste om arrangementet. Dermed fekk også Toka lyst til å delta i dugnaden og melde seg på.

Toka fortel at ho aldri har vore på ein liknande festival, og det var veldig nytt for henne.

- Men eigentleg var det ein veldig god opplevelse, og eg lærte mange nye ting faktisk, fortel jenta som fekk oppleva norsk festivalkultur for første gong, og dermed fekk kjennskap til fest- og folkeliv her i landet. Ho legg til at ho synes det var veldig kjekt å sjå folk dansa og høyra på musikk.

Svært kjekt syntes ho det var, at ho fekk mulighet til å snakka med nye folk og bli litt kjend med nokre. Toka var områdevakt på laurdag, og då var ho på post saman med Katarina. Dei veksla mellom vakt ved inngangen og ved scenen, og gjorde ein svært god jobb. Innimellom hadde dei pausar i frivilligteltet der dei kunne få seg mat og prata med andre frivillige.

Sjølv om Katarina var oppsett som vakt laurdag, gjorde ho i tillegg ein stor jobb under opparbeidinga av området på Dønhaug før festivalen.

- Stano, mannen min, er snikkar, og derfor var han frivillig i gruppa som skulle byggja opp festivalområdet. I staden for å berre sitja heime, vart eg med han på dugnad helga før Festidalen og litt utover i veka. Eg hjelpte til med å setja opp telta og gjorde forskjellige andre oppgåver. Det var sååå kjekt og sosialt! Eg fekk snakka med nye folk, og det likar eg veldig godt. Når eg hadde fri frå jobben, venta eg berre på at mannen min skulle komma heim slik at vi kunne gå på dugnad. Stano og likte veldig godt å vera med som frivillig, fortel Katarina entusiastisk og verkar oppriktig takknemleg for at ho fekk vera med på dette.

- Det er ikkje mange frå Slovakia her i kommunen. Eg hadde berre høyrte om ei dame, og på frivilligsamlinga på torsdag møtte eg jammen henne. Det var kjempekjekt, og så bur vi berre nokre hundre meter frå kvarandre. På den frivilligsamlinga hadde ikkje Toka høve til å vera med. Då jobba nemlig den flinke ungdommen ettermiddagskift som ferievikar innan pleie og omsorg.

Fredagskvelden var alle dei tre frivillige gjester på Festidalen. Som takk for innsatsen hadde dei gratis inngang då. Dei kosa seg saman med Benjawan frå Thailand, klassevenninne av Toka og Katarina. Ho hadde ikkje

anledning til å vera frivillig i år sidan ho har ei lita jente, men ho kunne fortelja at mannen hennar skulle vera vakt på laurdagen.

Å vera frivillig på Festivalen, gjev ein mykje tilbake. Å vera ein brikke i dette fellesskapet, har stor verdi. Eg synes dette utsagnet frå Katarina då eg møtte ho mandag, fortel det godt:

- Eg hadde så lyst å reisa ut og vera med å rydda på søndag, men eg sa til mannen min at eg måtte sova litt. Ho skulle nemleg vera klar for nattskift på Hydro Husnes der ho starta i fast jobb for om lag ein månad sidan.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.